ØYGARDEN KOMMUNE
RÅDMANN

MØTEREFERAT

# REFERAT FRÅ MØTE I DET KOMMUNALE FORELDREUTVALET FOR GRUNNSKULEN (KFUG), 26.09.14

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dok. ref.:** | 12/294-45/K2-A12//ØST | **Møtedato/Tid:** | 26.09.14<br>Kl.19.00 -21.00 |
| **Stad:** | Øygarden Rådhus<br>Møterom: Rongesundet | **Møtenr.:** | 05/14 |
| **Referent:** | Øyvind Strandheim | | |
| **Tilstades:** | Toftøy skule<br>Toftøy skule<br>Rong skule<br>Rong skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Øygarden ungdomsskule | Leif Gunnar Vik<br>Wegard Kristensen<br>Bernhard Eriksen<br>Elin Andersen<br>May Britt Heggholmen<br>Brigitte Alvheim Sjo | |
| **Forfall:** | Blomvåg skule<br>Blomvåg skule<br>Alvheim og Bakken skule<br>Øygarden ungdomsskule<br>Øygarden ungdomsskule | (ikkje vald)<br>(ikkje vald)<br>John Steffen Ervik<br>Espen Harkestad<br>Reidar Johnnesen | |

**Referat går til:**

| SKULE | Leiar | Nestleiar |
|---|---|---|
| Toftøy skule | Leif Gunnar Vik<br>Igun-vik@online.no<br>948 10 746 | Wegard Kristensen<br>Wegard.kristensen@spv.no<br>415 20 952 |
| Rong skule | Bernhard Eriksen bern@statoil.com<br>Pålsneset 5337 RONG<br>913 92 457 | Elin Andersen<br>Elinmyhr.76@gmail.com<br>473 26 463 |
| Blomvåg skule | | |
| Alvheim og Bakken skule | May Britt Heggholmen<br>May.britt@vestkystbygg.no<br>926 45 146 | John Steffen Ervik<br>John.ervik@oygarden.kommune.no<br>997 99 522 |
| Øygarden ungdomsskule | Espen Harkestad<br>espen@obe.as<br>mob:92898866 | Reidar Johannesen<br>Rkjoh1967@gmail.com<br>Mob:93491210 |

**SAKLISTE:**

<table>
<tr><th>Sak. nr</th><th>Tema</th></tr>
<tr><td>19/14</td><td>Konstituering<br>Val av leiar og nestleiar<br><br>Vedtak:<br>Samrøystes vald:<br>Leiar: Bernhard Eriksen<br>Nestleiar: May Britt Heggholmen</td></tr>
<tr><td>20/14</td><td>Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte, 15.05.14<br>Godkjenning av innkalling til møte, 25.09.14<br><br>Vedtak:<br>Referatet frå møte 15.05.14, vart gjennomgått og godkjent<br>Innkalling til møte, 25.09.14, vart godkjent</td></tr>
<tr><td>21/14</td><td>Status for skulene (max 15 min til saman)<br><br>Toftøy skule:<br>• Ny rektor til nytt skuleår ( Arne Petter Solberg)<br>• FAU har utarbeidd vedtekter<br>• Vedtektene vert brukt som styringsverktøy. Informasjon om vedtektene er formidla til foreldra<br>• Rektor presenterer forslag til juleavslutning i neste FAU-møte<br><br>Blomvåg skule: (FAU har møte 25.09.)<br><br>Alvheim og Bakken skule:<br>• Tillyst møte i FAU, 30.09, der prosess rundt FAU samarbeid, før og etter ferien vert tema<br>• Vedtekter for FAU er også tema i møtet 30.09<br>• FAU ved Alvheim og Bakken vert registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysund<br><br>Rong skule<br>• FAU- møte er tillyst, måndag 29.09<br>• Planlagt FAU- møte kvar første måndag i månaden<br>• Fire lysark om «Foreldre i skulen» vert tema i FAU møtet<br>• Vedtekter for FAU vert kanskje tema<br><br>Øygarden ungdomsskule<br>• Det har etter sommarferien vore arrangert klassevise foreldremøte</td></tr>
<tr><td>22/14</td><td>Status frå administrasjonen (max 10 min)<br>• Informasjon om «Ny barnehagestruktur i kommunen», sak til behandling i kommunestyret 17.09.<br>• Presentasjon av Tilstandsrapport for grunnskulen, behandla i kommunestyret 17.09<br>• Presentasjon av «Framtidsstudien» med to satsingsområde for skulen<br>    o Rådgjevingstenesta ved ungdomsskulen</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | ◦ Det 13 årige skuleløpet, med samarbeid mellom Sotra vidaregåande og grunnskulen i nabokommunane. Det har vore to samarbeidsmøte (02.07.14 og 24.09.14)<br><br>**Konklusjon:**<br>1. Tilstandsrapporten vert sendt til medlemmane i KFUG, og vert brukt i FAU arbeidet i skulane<br>2. KFUG ønskjer å verta orienterte om samarbeidet med Sotra Vidaregåande |
| **23/14** | **Thomas Nordahl**<br>**Oppfølging av foreldreforedrag i Øygarden Kulturhus, 18.02.14**<br><br>**KFUG, 27.03:**<br><br>• KFUG tar utgangspunkt i dei fire siste lysarka i foredraget til T.N. (sjå under)<br>• KFUG ber kvar skule i lag med FAU setja av tid mellom 22.april og 12.mai slik at foreldra (klassevis) kan drøfta (i grupper) råda frå T.N.<br>• Foreldrekontakten, eller ein annan frå FAU på skulen, formidlar bakgrunn for møtet og innhaldet i lysarka til foreldra i kvar klasse<br>• Foreldrekontakten sender over det foreldre vil prioritera/forplikta seg til<br>• FAU-representanten tar med seg dei samla klassevise innspela til neste møte i KFUG, 15.05<br>• KFUG ønskjer å finna fram til felles område der foreldra kan hjelpa elevane i øygardsskulen.<br>• KFUG ser innhaldet i dei fire lysarka så vesentlege at dei vert tema på skulane også neste skuleår<br><br>**KFUG 15.05:**<br>• Det er vanskeleg å gjennomføra prosessen med foreldra på kvar skule utan ein god plan/prosess for gjennomføring<br>• Milepelar – mål<br>• Fast tema hausten 2014 i KFUG<br>• Det er viktig at FAU/foreldre løftar prosjektet fram. Skulen ved rektor legg til rette<br>• Første møte til hausten grip tak i gjennomføringa<br>• KFUG vil etterspørja kva FAU og skulane gjer<br>• KFUG eig prosjektet<br>• God planlegging saman med foreldrekontaktane er nødvendig<br><br>**Konklusjon:**<br>Leif Gunnar Vik lagar skisse til prosess/gjennomføring utifrå punkt 1 til 7 og kulepunkta over og sender til møteleiar før sommarferien.<br><br>**KFUG 29.09**:<br>Leif Gunnar Vik presenterte skisse til prosess/gjennomføring utifrå konklusjonane i møte 27.03 og 15.05<br><br>**Konklusjon:**<br>1. KFUG sluttar seg til forslag til prosess slik dei vart presentert i notatet «Aktive foreldre i Øygardsskulen»<br>2. KFUG ser det som avgjerande at skulen og foreldra arbeider parallelt med sine satsingar, som er valde frå lysarka som Thomas Nordahl presenterte i Kulturhuset 18.02.14.<br>3. FAU på kvar skule velgjer innan utgangen av oktober, 2-3 punkt i lysarka «Foreldre i skulen»<br>4. Dei utvalde punkta vert presenterte i klasseforeldremøte innan 15.11 |

| | |
|---|---|
| | 5. KFUG inviterer til møte mellom KFUG og rektorane, torsdag 27.11, kl.19.00 - 21.00 i Rådhuset, for å presentera foreldra sine satsingsområde på kvar skule. KFUG ber også rektorane presentera skulen sine satsingsområde<br>6. KFUG og rektorane drøftar 27.11. på kva måte og kor lenge ein kan/bør vedlikehalda trykket på desse satsingsområda |
| **24/14** | **Eventuelt**<br><br>**Bør det kommunale FAU ha vedtekter?**<br>KFUG ber administrasjonen undersøkje om det finst døme på vedtekter for KFUG, anten på heimesida til det nasjonaleforeldreutvalet (FUG), eller i andre kommunar.<br><br>**Taushetserklæring**<br>Medlemmane i KFUG har tidlegare signert taushetserklæring. Nye medlemmer skal også skrive under slik erklæring. Skjema til neste møte (27.11)<br><br>**Elevar som skader utstyr/ eigedom- handtering**<br>KFUG oppmodar skulane/kommunen til lik praksis<br><br>**De utrolige årene «Dinoskulen»**<br>KFUG er positivt opptatt av innføringa av De utrolige årene og ønskjer informasjon om Dinoskulen (De utrolige årene). Sekretær tar kontakt med Familiens Hus for avtale<br><br>**Møte i FAU**<br>KFUG ønskjer generelt tidlegare innkalling til første FAU møte ved skulane etter ferien, og oppmodar særskild Øygarden ungdomsskule v/rektor om å kalla inn til møte tidlegare enn denne hausten |

# Foreldre i skolen

- Skolen bør så langt som mulig ha førsteprioritet i hverdagen.
  - Skolen har større betydning for ditt barn enn ulike fritidsaktiviteter
  - Skole er viktigere enn ferie
  - Tenk alltid på hvilke signaler du gir til dine egne barn andres barn om betydning av skole, utdanning og kunnskap.
  - Kunnskap er en ressurs du har med deg i livet som er lett å bære.



# Foreldre i skolen

- Foreldre bør sette seg inn i hva skolen driver med og hva som er skolens mål og oppgaver.
- Følg opp dine barns skolegang, men du bør også formidle klare forventninger til skolen og lærerne.
- Snakk aldri negativt om skolen og lærerne når dine barn hører på.
- Spør barna hver dag om hvordan det har vært på skolen, hva de har lært og lignende.
- Legg vekt på å formidle at skole og skolegang er viktig.

## Støtte til skolearbeid

- Det er viktig å vise interesse for skolearbeidet og ikke avvise spørsmål selv om du ikke kan svare på faglige problemer.
- Ha mer fokus på arbeidsinnsats enn på resultater. Bruk ros og oppmuntring.
- Etabler og oppretthold strukturer og rutiner for skolearbeid og lekser hjemme. Dette gjelder både når det skal foregå, hvor og behovet for konsentrasjon.
- Foreldre bør så langt som mulig være til stede når skolearbeid utføres hjemme



## Egen rolle som foreldre

- Alle foreldre er en avgjørende ressurs i forhold til egne barns læring og utvikling. Dette gjelder uavhengig av utdanningsnivå, arbeid eller sivilstatus.
- Alle foreldre har i perioder bekymringer tilknyttet egen rolle som foreldre.
- Egne erfaringer på skolen bør ikke styre hvordan du er som foreldre.